

PROTOKOLL FRÅ KONTROLLKOMITEMØTE I HELSE VEST RHF

Tid: Onsdag 11. oktober 2006, kl 1545 – kl 1700

Stad: Rica Maritim Hotel, Haugesund

Møtet var ope for publikum og presse

Saker:

Sak	17/06 B	Protokoll frå møte i kontrollkomiteen 19. juni 2006
Sak	18/06 O	Oppfølging av kontrollkomitesaker
Sak	19/06 O	Eventuelt

Deltakarar frå kontrollkomiteen:

Svein Andersen
Reidun Korsvoll
Helge Espelid

Deltakarar frå administrasjonen:

Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen

Sekretær for kontrollkomiteen:

Statsautorisert revisor Gunnar Hoff (ref.)

Sak 17/06 B Protokoll frå møte i kontrollkomiteen 19. juni 2006

Kommentarar.

Protokollen frå møte i komiteen 19.6.2006 var på førehand distribuert på mail til komitemedlemmene.

Protokollen vart gjennomgått og signert. Enkelsaker vart kommentert under gjennomgangen av protokollen.

Vedtak (samrøystes):

Kontrollkomiteen godkjenner protokollen frå møte 19.6.2006.

Sak 18/06 O Oppfølging av kontrollkomitesaker

Leiar i kontrollkomiteen og økonomi- og finansdirektør orienterte om rammeavtalen om levering av internrevisjonstenester som var inngått med Deloitte. Det vart vidare orientert om status på arbeidet med å rekruttera leiar av internrevisjonen. Komiteen drøfta i samband med dette på generelt grunnlag kompetanse og personlege eigeskapar på person til ei slik stilling.

Status og framdrift på saker under arbeid:

Sak 12/06 Bevital AS. Styret i Helse Bergen HF vil få framlagt ein sak knytt til oppfølging av revisjonsrapporten.

Sak 14/06 Andelar aksjeselskap, andre egedelar og fond. underliggjande aksjeselskap i føretaksgruppa, eventuelle andre eigarposisjonar og fondsmidlar i helseføretaka. Internrevisor følgjer opp manglande tilbakemelding frå helseføretak og gjev ei samla tilbakemelding til komiteen på neste møte.

Sak 15/06 Statusrapport internrevisjonsprosjekt. Prosjekt er planlagt gjennomført i samsvar med vedteken plan. På grunn av utlysing av langsiktig rammeavtale om kjøp av internrevisjonstenester har ein måtte avvenda resultatet av anskaffingsprosessen før prosjektarbeidet kunne starta opp. Ein tek sikte på å gjennomføra tre prioriterte prosjekt, med fokus på styring, måloppnåing og økonomi i løpet av 2006, og innanfor dei tidsestimat som er sett.

Sak 19/06 O Eventuelt

Ortopedisaken Lærdal sjukehus

Revisor orienterte om oppdraget med å undersøka innkjøp og bruk av rammeavtalar ved ortopediklinikken, Lærdal sjukehus, Helse Førde HF.

Neste møte i kontrollkomiteen

Det vart vedteke å flytta neste møte i kontrollkomiteen til 13. desember 2006 kl 19.00 i Bergen.

Gunnar Hoff
Referent

Haugesund, 11. oktober 2006

Svein Andersen
Leiar

Reidun Korsvoll

Helge Espelid